


A black and white photograph of a violinist, Ottar Kåsa, playing a violin. The violinist is shown from the chest up, looking down at the instrument with a focused expression. The violin is highly ornate, featuring intricate floral and scrollwork patterns on its body. The lighting is dramatic, highlighting the contours of the violinist's face and the details of the violin. The background is dark and out of focus.

Ottar Kåsa



**H**eilt sidan eg blei interessera i hardingfela som liten gut har ho blitt ein stadig større del av livet mitt, og eg er no både felemakar og spelemann i Bø i Telemark. Felemakeri og -spel har gått hand i hand så lenge hardingfela har vore til, og spelemenn og felemakarar har gjennom hundrevis av år utvikla seg i takt med kvarandre og omverda. Fela er spelemannens songrøyst, og kvar fele har sin eigen song. Feler kan vera sta eller velviljuge, milde eller temperamentsfulle, kvasse eller mjuke, høgmælte eller lågmælte, ljose- eller mørkmælte; men spelemannen kan aldri tvinge fela til å bli noko anna enn det ho er. Fela må synge slik ho sjølv vil, og når fele og spelemann vil det same, veks dei saman: Dei delar plass i ein større heilskap, der spelemannen lét instrumentet bli ein del av seg sjølv og sitt uttrykk.

Hardingfela har fylgd meg sidan eg var 11 år gammal, då eg byrja i musikkskulen i Vinje med Terje Christian Hansen som lærar. Sidan den gong har eg hatt mange læremeistarar og inspirasjonskjelder, og eg har lært både gjennom personlege møte og gjennom lytting til opptak av spelemenn som har gått bort. På kvar sine vis har dei alle sett att spor i meg som spelemann.

Å «finne seg sjølv» i slåttespelet kan vera vanskeleg og kronglete, men her ligg for meg mykje av meininga i det å vera spelemann. Gjennom å høyre ulike spelemenn vil det som skaper gjengklang i ein sjølv koma fram att i eiga fele, og etterlikning vil etter kvart kunne bli til personleg særpreg. Dette har for meg vore både veggen og målet; å finne «mitt eige» spel, og den veggen går alltid vidare. Av dei eg har hatt som mine største førebilete når det gjeld slåttespel på hardingfele, vil eg nemne Eivind Mo, Eilev Smedal, Torkjell Haugerud, Johannes Dahle, Einar og Olav Løndal, Anders Buen d.e., Hauk og Knut Buen, Per Anders Buen Garnås, Hallvard T. og Torleiv Bjørgum, Torleiv Bolstad og Bjarne Herrefoss.

Eg har lenge vore fascinera av hardingfela som instrument, men ideen om å laga mine eigne hardingfeler kom fyrst i vaksen alder. Den fyrste

læremeistaren i felemakeri var Eivind Ralle frå Bø i Telemark. Som ungdom hadde han vore i lag med Knut K. Steinkjøndalen, og minnet om den gamle meistaren låg enda friskt i minnet til Eivind då eg var hjå han. Hausten 2005 kom eg i lære hjå Sigvald Rørlien ved Ole Bull akademiet, og her vart felemakeriet fort ei altopplukande interesse. Læretida hjå Sigvald varde i 3 år, og eg trur neppe eg ville vore felemakar i dag utan hans påverking. Eg har seinare vore i kontakt med fleire andre felemakarar òg; spesielt vil eg nemne Wim Baeck, Alexander Pilz, Leif Salve Håkedal og Harald Lund, som alle har vist meg nye vegar i den stundom tåkete felemakarverda.

Både som felemakar og spelemann er ein del av ein tradisjon, der ein skaper sitt eige med grunnlag i gamal kunnskap og stilkjensle. Og på same måte som med spelet, er det også i felemakeriet etterlikning av det ein likar som er veggen til å finne sitt eige. Hardingfela som instrument har hatt mange dyktige nevar å vekse ut av, og av felemakarar frå tidlegare tider som har påverka meg mest, vil eg nemne Olaf G. Helland, Erik Johnsen Helland, Gunnar M.A. Røstad, Olav K. Venaas og John Tjønn. Alle har dei vore sentrale for hardingfela som instrument, som usedvanleg sjølvstendige og skapande felemakarar.

På desse opptaka brukar eg to av dei felene eg har bygd sjølv; på vanleg stille og nedstilt brukar eg ein fiolin og bygde om til hardingfele i 2009, og på trollstilt og gorrlaus bas brukar eg ei hardingfele eg laga i 2007, som no er i eige av Knut Fausko.

Slåttane eg spelar på denne cd-en er slåttar i tilknytning til Telemark, men i ulike tradisjonar og frå ulike kjelder. Hovudtrekket er rett og slett at det er slåttar eg likar godt å spela sjølv. Eg håpar du som lydar vil finne glede og meining i desse slåttane, slik eg har prøva å tolke dei på denne plata.

Takk til: Alle læremeistarar og inspirasjonskjelder, både i spel og felemakeri, Mamma og Pappa, Vigdis og Øyvor, Knut Fausko for lånet av fela bruka på Nordafjølssen og Kivlemøyane, Ta:lik.





## Slåtteomtale:

**Falkeriset, springar:** Falkeriset er eit høgdedrag vest for Møsvatn, som har fått namn etter falkefangsten som gjekk før seg her for lang tid sidan. Dette er ein mykje bruka springar i Gibøen-tradisjon, og eg lærde slåtten fyrst av Terje Christian Hansen. Denne forma skal ha kome frå Kjetil Håvardsson, son til Håvard Gibøen. Sidan den gong har eg tilført nokre variasjonar etter både Eivind Mo og Eilev Smedal, som begge spelar litt ulike utgåver av same forma. Eg spelar her slåtten i ei nokså fri utforming, bygd på desse formene.

**Sønnstaulgangar.** Dette skal vera ein av dei eldste gangarane i Tinn, og har namnet sitt etter beste-far til Knut Dahle; Knut Brynjulfsson Sønnstaul. Slåtten finst i fleire variantar, der *Morgonvandringen* er av dei meir utbygde formene. Dette er grunnforma, og eg har slåtten etter opptak med Torkjell Haugerud, som lærde han direkte av Knut Dahle.

**Veneflamma, springar.** Denne lyriske springaren er ein av dei mange juvelane i tradisjonen etter Svein K. Løndal. Han skal ha lært slåtten av mor si, Cro, som tulla slåtten for han. Eg lærde slåtten fyrst av Olav Lofthus, som hadde han i Løndaltradisjon, men sidan har eg tilført nokre tak på slutten, som eg har etter Knut Buen.

**Anders Kjerlands minne, springar** er laga av Eivind Mo, og er tileigna hans gode spelemannsven Anders Kjerland frå Granvin i Hardanger. I denne slåtten syns eg Eivind Mo har smelta saman speluttrykka i Hardanger og Telemark på ein suverren måte. Eg har lært slåtten av Herbjørn Liahagen.

**Nordafjølssen, lyarslått,** er ein mystisk og majestetisk gangar med røtar i Setesdal. Der er han oftast kalla «Domedagsslåtten», og skal vera i Faremotradisjon. Dei kjende rameslåttane frå Setesdal har vore kjende for å føre spelemenn inn i

ekstatiske tilstandar med si suggererande rytme. Den Nordafjølssen og spelar her har likskapar med ein av desse gangarane, men er noko meir som ein lyarslått å rekne. Slåtten kom til Telemark ved at Gunnulv Borgen lærde han av Hallvard Rysstad, og vidare til Eivind Mo.

Eg lærde slåtten av Herbjørn Liahagen, som igjen hadde han etter Eivind Mo. Eg spelar her ei nokså fri, improvisera form, bygd på Eivind si utforming.

**Vesle Signe** er av springarane etter meistarspelemannen Lars Fykerud frå Sauherad. Den fyrste gongen eg hørde denne slåtten, var det Knut Buen som spela, og det gjorde så inntrykk at eg var nøydd til å lære meg denne med ein gong. Den mest kjende forma av springaren er etter Torkjell Haugerud, det er usikkert om han lærde slåtten direkte av Lars, men i alle tilfelle ber han preg av Haugerud sin stil. Vesle Signe er av dei slåttar og sjeldan blir lei.

**Kvambekkheia, gangar.** Eivind Mo var ein skapande spelemann med sterk eigenart, og har vore ein av dei store stilskaparane i Telemark i nyare tid. Han komponera òg ein del slåttar som har blitt mykje bruka av spelemenn i seinare tid. Av dei mindre kjende slåttane Eivind Mo laga er denne gangaren, oppkalla etter eit fjellområde mellom Øyfjell og Åmotsdal. Eg lærde slåtten av Herbjørn Liahagen, gløynde han, men fekk seinare friska han opp att til nytt liv av Per Anders Buen Gamås.

**Sønnstaulen, springar.** Denne slåtten har namn etter morbror til Knut Dahle, Ola Knutsson Sønnstaul. Det er uvisst kven som har laga slåtten, men Dahle-spelemennene rekna visstnok slåtten som ein myllarspringar. Eg har slåtten etter Eivind Mo, og har hatt hans inderlege dâm i denne slåtten som eit ideal.



**Måkalien** har eg etter Audun Nordheim, morbror til far min. Han vaks opp i Arabygdi, og lærde mange slåttar direkte av sovesonen til Myllarguten, Tarjei Skinan. Myllaren var stamfar til både spelet og spellemennene som kom etter han i Arabygdi; «Denna hev eg ette' Faieiten (bestefar)» kom det difor ofte frå Tarjei etter at slåttan var ferdigspela.

**Kivlemøyane** har eg etter opptak med Høye Kvåle frå Seljord. Han lærde desse slåttane av Olav Napper frå Fyresdal, då han treffe han i USA. Napper hadde igjen lært desse slåttane direkte av Myllarguten.

Kivlemøyane har vore mykje bruka av ulike spellemenn til ulike tider. Slåttestoffet er knytta til segna om dei tre Kivlemøyane: To av dei tri jentene hadde mist kjærastane sine i ei drukningsulukke, og i si store sorg prøva dei å finne trøyst i musikken. Midt under den katolske gudstenesta kunne kyrkje-lyden høyre dei tri spela på seljefløyte og bukke-

horn, og vart lokka ut for å høyre. Dette gjorde presten, Jens Lavrantsson, så vondt at han lyste dei i bann, og dei tri jentene vart ståande att som tre steinstøtter. Slåttane skal såleis fortelje denne dramatiske historia, og er i 4 avdelingar; ein gangar, ein springar, og til slutt lyarslåttane Lokkaren og Forsteinaren.

Kivlemøyane står på konsertprogrammet til Ole Bull og Myllarguten i Oslo 1849, men desse slåttane vart aldri framført her. Før konserten kom i gang gjekk feleskrinet til Myllaren i vranglås, og det same gjorde nok Myllarguten. Nei, han kunne ikkje spela Kivlemøyane, hadde heller aldri kunna dei, sa han. Det var difor *Bordstabelen* som vart spela i Den gamle Losjen denne januarkvelden i 1849. Men heilt sikkert er det at desse Kivlemøyane ber i seg mykje av det storslagne og mektige som kjenneteiknar mange av slåttane etter Myllarguten.

**Myllargutens minne, springar** er av slåttane som Myllaren lærde på Vestlandet, der han fór så mange gonger. Myllaren kalla slåttan Seksen, og han lærde truleg denne slåttan i Hardanger, av anten Ola eller Kristoffer Sekse. Den forma eg spelar her er etter Torkjell Haugerud, som nok har forma ut slåttan noko i seinare tid.

**Slik spela Pål:** Denne gangaren har namnet sitt etter Pål Løytnantsdreng frå Numedal, men er i Telemark oftast rekna som ein slått i Lurås-tradisjon. Han går difor også under namnet Luråsen 3. Som Lurås-slåttar flest er han særst fint og «ferdig» utforma, med klare, reine linjer. Eg lærde slåttan av Per Anders Buen Garnås, som igjen hadde lært han av Olav Øyaland, i forma etter Johannes Dahle.

**Springar etter Håvard Gibøen** er av dei underfundige slåttane etter Håvard Gibøen, både sorg-

tung og lett på same tid. Ingen kunne røre dei djupaste hjartegrunnar som Håvard, skriv Rikard Berge, og denne sterke, inderlege musikalske krafta finst framleis i slåttane hans. Eg lærde denne nedstilte springaren av Herbjørn Liahagen, som hadde han etter Eivind Mo. Slåttan er i nyare tid døypt av Knut Buen til nettopp «Eivind Mo.»

**Margit Langerud** skal vera ein slått etter Ola Kolsrud frå Heddal. Eg lærde denne fine gangaren av Olav Lofthus, som hadde han i form etter Kjetil Løndal.

Skriftlege kjelder:

Asbjørn Storesund: «Høyre du Tårån?» (Meisterspelemannen Torkjell Haugerud), Buen kulturverkstad 1995  
Rikard Berge: «Myllarguten. Håvard Gibøen», Noregs boklag 1972



Ever since I became interested in the Hardanger fiddle as a little boy, it has steadily become a larger part of my life, and I am now both a fiddle maker and fiddler in Bø in Telemark. Fiddle making and playing have gone hand in hand as long as the Hardanger fiddle has existed, and fiddlers and fiddle makers have evolved in step with each other and the surrounding world over the course of hundreds of years. The fiddle is the fiddler's singing voice, and each fiddle has its own song. Fiddles can be stubborn or agreeable, mild or temperamental, sharp or soft, loud or low-voiced, light or dark; but the fiddler can never force the fiddle to become something other than what it is. The fiddle must sing in its own way, and when fiddle and fiddler aspire to the same aim, they grow together: They share a place in a greater whole, in which the fiddler allows the instrument to become a part of himself and his mode of expression.

The Hardanger fiddle has been a part of my life since I was 11 years old, when I began studying with Terje Christian Hansen at the music school in Vinje. Since then I have had many teachers and sources of inspiration, and I have learned both through personal encounters and by listening to recordings of fiddlers who have passed away. In their own ways, they have all left traces in me as a fiddler.

To "find oneself" in traditional fiddle music can be difficult and cumbersome, but herein lies much of the essence of being a fiddler. By listening to different fiddlers, that which resonates in oneself will come forth in one's own fiddle, and imitation will gradually become personal character. For me, this has been both the path and the objective; to find "my own" playing, and that path always leads forward. Among those I have had as my greatest role models when it concerns traditional music on Hardanger fiddle, I would like to mention Eivind Mo, Eilev Smedal, Torkjell Haugerud, Johannes Dahle, Einar and Olav Løndal, Anders Buen Sr., Hauk and Knut Buen, Per Anders Buen Garnås, Hallvard T. and Torleiv Bjørgum, Torleiv Bolstad, and Bjarne Herrefoss.

I have long been fascinated by the Hardanger fid-

dle as an instrument, but the idea to make my own Hardanger fiddles came first came to me as an adult. My first teacher in fiddle making was Eivind Ralle from Bø in Telemark. As a youth he worked with Knut K. Steinkjøndalen, and recollections of the old master still lay fresh in Eivind's memory while I was working with him. In the autumn of 2005 I began an apprenticeship under Sigvald Rørlien at the Ole Bull Academy, and fiddle making quickly became an all-consuming interest during this time. The apprenticeship under Sigvald lasted for three years, and I wouldn't be a fiddle maker today without his influence. I have since been in contact with several other fiddle makers; I would especially like to mention Wim Baeck, Alexander Pilz, Leif Salve Håkedal and Harald Lund, who have all welcomed me and shown me new ways in the sometimes foggy world of fiddle making.

As both a fiddle maker and a fiddler, one participates in a tradition in which one develops one's own approach with a foundation in time-honoured expertise and senses of style. And as with fiddling, the way to find one's own approach in fiddle making is also through imitation of that which one admires. The Hardanger fiddle has had many gifted hands to grow out of, and among the fiddle makers who have influenced me most I would like to name Olaf G. Helland, Erik Johnsen Helland, Gunnar M.A. Røstad, Olav K Venaas, and John Tjønn. They have all been central figures for the Hardanger fiddle as an instrument and were exceptionally bold and creative fiddle makers.

On these recordings I use two of the fiddles I have built myself; on vanleg and nedstilt tuning I use a violin which I converted into a Hardanger fiddle in 2009, and on trollstilt and gorrlaus bas tuning I use a Hardanger fiddle I built in 2007, which is now owned by Knut Fausko.

The tunes I play on this CD are tunes with ties to Telemark, but in different traditions and from different sources. The essential feature is quite simply that these are all tunes I really enjoy playing. I hope you as a listener will find joy and meaning in these tunes, in the way I have endeavoured to interpret

them on this album.

Thanks to: All of my teachers and sources of inspiration, Mom and Dad, Vigdis and Øyvor, Knut Fausko, Ta:lik.

## About the tunes:

**Falkeriset, springar:** Falkeriset is a range of hills west of Møsvatn and takes its name from the falcon catching which took place here long ago. This is a well-liked springar in Gibøen tradition, and I first learned the tune from Terje Christian Hansen. Terje's form reputedly came from Kjetil Håvardsson, son of Håvard Gibøen. Since then I have added some variations after Eivind Mo and Eilev Smedal, who each play slightly different versions of the same form. I play the tune in a fairly free interpretation, built on these forms.

**Sønnstaulgangar.** This is supposedly one of the oldest gangar tunes in Tinn and is named after Knut Brynjulfsson Sønnstaul (1771–1863), the grandfather of Knut Dahle. The tune can be found in several variants; Morgonvandingen is one of the more developed forms. This is the basic form, and I have learned the tune from a recording of Torkjell Haugerud, who learned it directly from Knut Dahle.

**Veneflamma, springar.** This lyrical springar is one of the many treasures in the tradition after Svein K. Løndal. He reputedly learned the tune from his mother, Gro, who hummed it for him. I first learned the tune from Olav Lofthus, who had it in Løndal tradition, but I have since added some sections at the end which I have after the playing of Knut Buen.

**Anders Kjerlands minne, springar** was made by Eivind Mo and is dedicated to his good friend, the fiddler Anders Kjerland from Granvin in Hardanger. In this tune, I feel that Eivind Mo has blended together the playing styles from Hardanger and Telemark in an exceptional way. I learned the tune from Herbjørn Liahagen.

**Nordafjøllsen, listening tune,** is a mystical and majestic gangar with roots in Setesdal. In Setesdal is it most often called Domedagsslåten and is believed to be in Faremo tradition. The well-known rameslåttane from Setesdal have been known to transport fiddlers to ecstatic states with their hypnotic rhythm. The Nordafjøllsen I play here has similarities to one of these gangar tunes but can be regarded more as a listening tune. The tune came to Telemark when Gunnulv Borgen learned it from Hallvard Rysstad and passed it on to Eivind Mo.

I learned the tune from Herbjørn Liahagen, who in turn had learned it from Eivind Mo. On the recording I play a rather free, improvised form, built on Eivind's version.

**Vesle Signe** is among the springar tunes in tradition after master fiddler Lars Fykerud from Sauherad. The first time I heard this tune, it was Knut Buen who played it, and it made such an impression on me that I had to learn it right away. The most well-known form of this springar is after the playing of Torkjell Haugerud; it is uncertain whether he learned the tune directly from Lars, but in any case it bears aspects of Haugerud's style. Vesle Signe is one of the tunes I rarely get tired of.

**Kvambekkheia, gangar.** Eivind Mo was a creative fiddler with a strong personality, and he was one of the great originators of style in Telemark in recent times. He also composed a number of tunes which have become quite popular among fiddlers in later times. Among the lesser known tunes Eivind Mo made is this gangar, named after a mountain area between Øyfjell and Åmotsdal. I learned the tune from Herbjørn Liahagen, forgot it, but later revived it to new life with help from Per Anders Buen Garnås.

**Sønnstaulen, springar.** This tune is named after Ola Knutsson Sønnstaul, the uncle of Knut Dahle. It is uncertain who made the tune, but the Dahle fiddlers no doubt considered the tune to be a



springar in tradition after Myllarguten. I have the tune after the playing of Eivind Mo and have had his heartfelt tone as an ideal.

I learned **Måkalien** after the playing of Audun Nordheim, my father's uncle. He grew up in Arabygdi and learned many tunes directly from Myllarguten's grandson, Tarjei Skinan. Myllaren was a forefather of both the fiddling and the fiddlers who succeeded him in Arabygdi; Tarjei therefore often said "I have this after grandfather" after he had finished playing the tune.

I learned **Kivlemøyane** from a recording of Høye Kvåle from Seljord. He learned these tunes from Olav Napper from Fyresdal when he met him in the USA. Napper had in turn learned the tunes directly from Myllarguten.

Kivlemøyane have been played a great deal by different fiddlers in different eras. The tune material is linked to the legend about the three Kivlemøyane (the Kivle maidens): Two of the three girls lost their beloveds in a drowning accident, and in their great sorrow they tried to find solace in music. In the middle of a Catholic church service, the congregation heard the three girls playing willow flute and goat's horn and were lured outside to listen. This was so upsetting for the priest, Jens Lavrantsson, that he excommunicated them, and the three girls remained standing as three stone statues. The tunes narrate this dramatic story and are divided into four parts; a gangar, a springar, and the listening tunes Lökkaren and Forsteinaren.

Kivlemøyane were included on the concert program Ole Bull and Myllarguten were to play in Oslo in 1849, but the tunes were never performed here. Before the concert got started, the lock on Myllaren's fiddle case got stuck, and Myllarguten also refused to budge. No, he couldn't play Kivlemøyane, and he had never been able to play them either, he said. Instead, Bordstabelen was played at Gamle Losjen that January evening in 1849. But it is unquestionable that Kivlemøyane bear in them many of the grand

and powerful qualities which characterize a great deal of the tunes in tradition after Myllarguten.

**Myllargutens minne, springar** is one of the tunes that Myllaren learned in Western Norway, where he travelled many times. Myllaren called the tune Seksen, and he probably learned it in Hardanger from either Ola or Kristoffer Sekse. The form I play here is after Torkjell Haugerud, who likely developed the tune somewhat in later times.

**Slik spela Pål:** This gangar is named after Pål Løytnantsdreg from Numedal, but in Telemark it is most often regarded as a tune in Lurås tradition. It therefore also goes under the name Luråsen 3. Like most Lurås tunes, it is very intricately and "completely" developed, with clear, pure lines. I learned the tune from Per Anders Buen Garnås, who in turn learned it from Olav Øyaland in the form after Johannes Dahle.

**Springar etter Håvard Gibøen** is one of the artful tunes in tradition after Håvard Gibøen, both sorrowful and light at the same time. No one could tug at the heartstrings like Håvard, writes Rikard Berge, and this powerful, heartfelt musical force still exists in his tunes. I learned this springar on nedstilt tuning from Herbjørn Liahagen, who had it after the playing of Eivind Mo. In recent times, Knut Buen named the tune Eivind Mo.

**Margit Langerud** is supposedly a tune after Ola Kolsrud from Heddal. I learned this nice gangar from Olav Lofthus, who had it in a form after the playing of Kjetil Løndal.

Written sources: Asbjørn Storesund: "Høyreer du Tårån?" (Meisterspelemannen Torkjell Haugerud), Buen kulturverkstad 1995  
Rikard Berge: "Myllarguten. Håvard Gibøen", Noregs boklag 1972



**Produsent:** Anders E. Røine.

**Opptak:** Anders E. Røine og Niels J. Røine.

Alle opptaka er gjort på Jønnbu fjellkyrkje.

**Miks og mastering:** Fridtjof Lindemann,  
Strype Audio.

**Foto:** Arne Svalastog. Alle bilda er take i og  
utanfor Ottars felemakarverkstad på  
Oterholt.

**Grafisk utforming:** Eva Karlsson.

**Økonomisk tilskot:** Norsk kulturråd og  
Fond for utøvende kunstnere.



NORSK  
KULTURRÅD

CD-utgjevinga er ei gåve frå plateselskapet  
ta:lik til vinnaren av spel på hardingfele på  
Landskappleiken i 2011.

1. **Falkeriset** 3.05
2. **Sønnstaulgangar** 1.47
3. **Veneflamma** 3.31
4. **Anders Kjerlands minne** 2.40
5. **Nordafjøllsen** 2.19
6. **Vesle Signe** 2.31
7. **Kvambekkheia** 2.39
8. **Sønnstaulen** 2.44
9. **Måkalien** 2.10
10. **Kivlemøyane** 7.09
11. **Myllargutens minne** 2.30
12. **Slik spela Pål** 3.15
13. **Springar etter Håvard Gibøen** 1.45
14. **Margit Langerud** 3.40